

1940 på ny



DAG BL.

3/7-90

Professor Olav Riste har slått ei ny spiker i kista, som likevel er utruleg standhaftig.

Har mytene levd med i 50-årsmarkeringa av det tyske åttaket på Norge?

Om alt det vi visste i dagane før 9. april 1940, om alle meldingane og åtvaringane som regjeringa Nygaardsvold fekk, og som dei ignorerte, og om alle dei klarsynte som kjempa for å få politikarane til å forstå kva som var på gang? Ja, i stor mon og i høgste grad i store delar av offiserskorpset. Helt til topps, der ein skulle forventa evne til kjeldegransking og nyansar. Tidligare forsvarssjef, general Bull-Hansen, nytta i TV uttrykket «kriminelt naivt» om dei politisk ansvarlege i 1940. NRK stadfesta mytene i beste sendetid 8. april i eit TV-program som i stil og kommentar kunne ha vore laga tidleg på 50-talet. John Bergs cash and carry-manus blei grundig understreka av ein engasjert opplesar. Bare snerten i Knut Wigerts stemme kunne blåsa års framsteg i dette ordskiftet over ende.

■ ■ Vil dei overleva? Vår desidert kunnskapsrikaste person på dette felt av norsk historie, professor Magne Skodvin, har i meir enn ein generasjon vore folkeopplysar i temaet «forspelet til 9. april». I dei siste åra har han blitt avlasta av kollega Ole Kristian Grimnes. Av og til verkar det som salig Sisylus hadde ei lettare oppgåve. Men i desse dagar har vår tredje tungvektar, professor Olav Riste, gått i ringen med ein pondus som vil skaka dei siste seigliga mytene. I serien Forsvarsstudier (4/1990) fra IFS, der Riste er forskningssjef, har han sjølv forfatta *Weserübung: Det perfekte strategiske overfall?*

■ ■ Det som gjer meg rimeleg optimistisk er at han har nådd fram til Michael Grundt Spangs kommentarspalte i VG (18/6-90). Slikt blir lagt merke til. Spang skulle tradisjonelt tilhøyra den fløy som held seg til det etablerte 9. april-syn, på tvers av det historiske fagmiljø. Eg tar atterhald fordi eg ikkje kjenner hans standpunkt før han las Riste. I alle fall har historikaren fått full utteljing i ei avis ein ikkje skal kimsa av dersom ein vil nå fram til fotfolket. Det er tydeleg at Riste har funne ei vinkling og eit perspektiv på dette stoffet som har ei ibuande overtydande kraft.

■ ■ Kva er så rubeles nok om brennheite tema i norske etterkrigsdebatt? Eg lar han tala for seg sjølv: «Dei meldingane som kom til norske styresmakter i april dagane 1940 om tyske militære tiltak – og som i ettertid har fått namnet «varsla før 9. april» – kunne sjølv sagt tolkast i fleire retningar. Dei aller fleste – medreikna den norske marineleiinga – rekna med at dei tyske skipa skulle vestover, ikkje nordover til Norge. I alle fall står det fast at – for å gjera general Ruges ord til mine – «ingen her i landet hadde tenkt sig et strategisk overfall av et slikt omfang og satt i verk med en slik dristighet».

■ ■ I dag kan vi fastslå at det ikkje berre var her i landet at ein ikkje såg det som kom. Om vi ser på Storbritannia, på Danmark, eller for den del på Sverige, blir konklusjonen den same. Etterpåkløkskapens vegar er likevel uransakelege. 50 år er gått. Men kravet om at Halvdan Koht, og regjeringa Nygaardsvold, burde ha forstått det ingen andre forstod – det kravet lever framleis».

■ ■ Eg trur Riste med sine 26 veldokumenterte sider har slått ein ny spiker i ei mørken, men utruleg standhaftig kiste. Men framleis krevs det at personar i høge stillingar i det norske samfunn tar seg tid til å lesa det fagfolk skriv før dei gjer seg opp ei hardhendt meining om historiske aktørar i ei krisetid. Nå har dei fått hjelp av Norges største laus-salavis, og det takkar vi Grundt Spang for!

Arnfinn Moland

102071